

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	Trafikktryggingsutvalet
<b>Møtestad:</b>	fylkesutvalssalen, Fylkeshuset i Bergen
<b>Dato:</b>	28.11.2019
<b>Tid:</b>	10:30

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

**Program**

Kl. 10:30 – 11:15	Introduksjon
Kl. 11:15 – 11:45	Folkevaldeopplæring
Kl. 11:55 – 13:00	Folkevaldeopplæring forts. –det vert servert lunsj
Kl. 13:10 – 13:50	Budsjett 2020 – moglege satsingar
Kl. 14:00 – 15:30	Saksbehandling

**Melding om forfall:**

**Grunna tekniske utfordringar vert det ikkje sendt ut eigen e-post kor du som medlem melder frå om forfall. Vi ber difor om at melding om forfall til dette møtet sendast direkte til [politisk@vfk.no](mailto:politisk@vfk.no).**

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Trafikktryggingsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Jannicke Bergesen Clarke  
Utvalsleiar

**Sakliste**

<b>Utvals- Saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
GK 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
	<b>Referatsaker</b>		
RS 1/19	Innretting av satsing på punktutbetring og trygg skuleveg	2019/101	
RS 2/19	Nytt fylke - større ansvar for trafikksikkerheita. Skriv til fellesnemnda frå FTU Hordaland, 28. mai 2019.	2019/101	
RS 3/19	Krav om trygge vegar i Austevoll kommune. Fråsegn frå Austevoll ungdomsråd.	2019/101	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/19	Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU Vestland) 2020	2019/101	

## **Godkjenningssaker**

**GK 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

## **Referatsaker**

**RS 1/19 Innretting av satsing på punktutbetring og trygg skuleveg**

**Notat**

Dato: 18.11.2019

Saknr: 2019/101-2

Saksbehandlar: Even Vaular

---

<b>Til:</b>	Trafikktryggingsutvalet Hovudutval for samferdsel og mobilitet
<b>Frå:</b>	Dina Lefdal, påtroppande fylkesdirektør, Avdeling for infrastruktur og veg

---

**Innretting av satsing på punktutbetring og trygg skuleveg**

I både Hordaland og Sogn og Fjordane er fysiske trafikktryggingstiltak høgt prioritert i dei respektive regionale transportplanar. Begge fylka har hatt tilskotsordningar til mindre, fysiske tiltak. I investeringsprogram for fylkesveg i Hordaland har ein hatt ein post kalla «mindre utbetringar», der midlane har vore nytta til spleiselagsprosjekt med kommunane. Prosjekta under denne budsjettposten har vore tiltak på fylkesveg med høg lokal prioritet. I perioden 2016-2019 har fylkestinget i Hordaland løyvd ekstra midlar over driftsbudsjettet til punktutbetring, trygg skuleveg og i 2019 også Hjertesone-tiltak.

Som ein del av forarbeidet til ny regional transportplan for Vestland vil påtroppande fylkesdirektør sjå på korleis ein best kan innretta satsinga mot punktutbetring og trygg skuleveg, med bakgrunn i dei erfaringar ein har gjort seg i dagens to fylke. Intensjonen er å koma attende til politisk nivå med ei sak som tar opp i seg ulike modellar som vurderer på kva måte fylkeskommunen kan samhandla med kommunane og på kva måte ein kan sikre mest mogleg rasjonell og effektiv gjennomføring og administrasjon av dei fysiske trafikktryggingssprosjekta.



**Notat**

Dato: 18.11.2019

Saknr: 2019/101-3

Saksbehandlar: Even Vaular

---

**Til:** Trafikktryggingsutvalet

---

**Frå:** Dina Lefdal, påtroppande fylkesdirektør, Avdeling for infrastruktur og veg

---

**Nytt fylke - større ansvar for trafikksikkerheita. Skriv til fellesnemnda frå FTU Hordaland.**

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland vedtok i møte 28. mai (i politisk sak 32/2019) å senda eit skriv til fellesnemnda for fylkessamanslåinga i samband med budsjettprosessen. Skrivet vart handsama i fellesnemnda i møte 18. juni (i referatsak 29/2019). I skrivet framhevar FTU Hordaland «det breie ansvaret og dei viktige oppgåvene innan trafikksikring som Vestland fylke skal ta hand om» og gir uttrykk for viktigheita av at eit nytt trafikktryggingsutval vert rusta for desse oppgåvene gjennom både mandat og ressursar.

FTU Hordaland påpeikar sentrale utfordringar dei meiner det er naturleg at eit nytt FTU tar eit særleg ansvar for. Dei syner her til:

- Oppfølginga av vegtrafikklova § 40a om fylket sitt ansvar for trafikksikring
- Oppfølginga av arbeidet i fylket med etappemål etter nullvisjonen
- Oppfølginga av fylkeskommunen sitt ansvar i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring på veg
- At eit godt tverrfagleg fagmiljø innan trafikksikring i nye Vestland fylke vert sikra
- At trafikksikringskompetansen vert heva i kommunane
- Stimulering til aktivitet i heile fylket

Dei ulike utfordringane vert utdjupa vidare i skrivet.

Påtroppande fylkesdirektør syner elles til sjølve skrivet.

Vedlegg

- 1 Nytt fylke - større ansvar for trafikksikkerheita - skriv til fellesnemnda frå FTU Hordaland mai 2019

## Nytt fylke – større ansvar for trafikksikkerheita

Skriv til fellesnemnda frå FTU Hordaland, 28. mai 2019

I samband med budsjettprosessen for Vestland fylkeskommune ønskjer fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland å framheva ovanfor fellesnemnda det breie ansvaret og dei viktige oppgåvene innan trafikksikring som Vestland fylke skal ta hand om. Det er naturleg at FTU i Vestland får ei sentral rolle i dette arbeidet, og viktig at utvalet vert rusta for desse oppgåvene, både gjennom ressursar og mandat. FTU Hordaland vil difor belysa for fellesnemnda nokre av utfordringane innan trafikksikringsområdet som me meiner det er naturleg at FTU tar eit særleg ansvar for. Det gjeld mellom anna:

- Oppfølginga av vegtrafikklova § 40a om fylket sitt ansvar for trafikksikring
- Oppfølginga av arbeidet i fylket med etappemål etter nullvisjonen
- Oppfølginga av fylkeskommunen sitt ansvar i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring på veg
- At eit godt tverrfagleg fagmiljø innan trafikksikring i nye Vestland fylke vert sikra
- At trafikksikringskompetansen vert heva i kommunane
- Stimulering til aktivitet i heile fylket

### Innspel til reglement for FTU Vestland

Reglement for trafiktryggingsutvalet i Vestland legg rammene for utvalet sitt mandat. I møte 28. mai vart FTU Hordaland presentert for forslag til reglement, slik det vart lagt fram for fellesnemnda sitt arbeidsutval 29. april 2019. FTU Hordaland ønskjer å koma med konkrete innspel til reglementet.

- FTU Hordaland ønskjer at Ungdommens fylkesutval vert ført opp som konsultativt medlem.
- FTU Hordaland ønskjer at det under 2a (om oppgåver for utvalet) vert ført opp eit nytt kulepunkt, som seier at «Fylkestrafikksikringsutvalet skal følgja opp hendingar og utvikling i trafiktryggingsarbeidet i Vestland fylke».
- FTU Hordaland ønskjer at kulepunktet under 2c (Saker der trafiktryggingsutvalet har tilrådsrett) vert endra til «Skal ha til uttale saker innafor sitt arbeidsområde der dei ikkje har avgjerdsmynde».

### Utfordringar, ansvar og moglegheiter

Vegtrafikklova §40a seier at fylkeskommunen har eit ansvar for å «tilrå og samordne tiltak» for å fremja trafikksikkerheita i fylket. Etter folkehelselova §20 har fylkeskommunen eit ansvar for å fremja folkehelse «innen de oppgaver og med de virkemidler som fylkeskommunen er tillagt».

Fylkeskommunen skal innan folkehelsearbeidet i fylket vera ein pådrivar og ein samordnar. FTU er gjennom sin funksjon og sitt arbeid fylkeskommunen sitt fremste verktøy for å fylla denne rolla for det som gjeld trafikksikring. FTU er ein unik arena som samlar og gir moglegheiter for samordning av ulike, sentrale fagmiljø innan trafikksikring på eit regionalt nivå. Fylkeskommunen sitt ansvar etter vegtrafikklova gjeld også mot kommunane.



Nullvisjonen om at ingen skal verta drepne eller hardt skadde i vegtrafikken, er leiestjerna i trafikktryggleiksarbeidet. Med utgangspunkt i nullvisjonen er det sett ambisiøse nasjonale etappemål i Nasjonal transportplan (NTP) for reduksjon i talet på drepne og hardt skadde. Fylkesvise etappemål vert gitt gjennom Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg. Etappemåla gir eit makstal på drepne og hardt skadde som me skal strekka oss langt etter for å koma under. Nytt FTU for Vestland bør ha eit aktivt forhold til fylket sine etappemål og trafikksikkerheitsutviklinga i fylket.

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2018-2021 er ein tiltaksplan under Nasjonal transportplan, og er eit samarbeid mellom Statens vegvesen, Politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og sju storbykommunar. Planen inneheld 136 målretta tiltak innan tretten innsatsområde. Fylkeskommunane har ansvar for oppfølging av 18 av desse tiltaka. Tiltaksplanen sikrar ein raud tråd i trafikksikringsarbeidet i Noreg. Her har også fylkeskommunen og FTU ei viktig rolle i å få kommunane til å dra i same retning.

Det er viktig å sikra eit godt tverrfagleg fagmiljø innan trafikksikring i det nye fylket. Trafikksikring gjeld ikkje berre veg og transport, men også mobilitet i eit breiare perspektiv, opplæring og folkehelse. Dette bør speglast i FTU si samansetting, og korleis ein jobbar med trafikksikring administrativt. I Hordaland har ein i dag eit tett og godt samarbeid med Trygg Trafikk. Det er viktig at denne partnerskapen vert vidareført. Ein ambisjon for eigen organisasjon bør vera å på sikt verta ein Trafikksikker fylkeskommune, der det systematiske trafikksikringsarbeidet på tvers av den fylkeskommunale verksemda vert styrka<sup>1</sup>. Dei nye oppgåvene og den nye kompetansen som kjem inn i organisasjonen med avviklinga av sams vegadministrasjon frå 1. januar 2020, påverkar også trafikksikringsarbeidet. Ei viktig oppgåve vert å nytta denne kompetansen best mogleg, slik at eit godt trafikksikringsarbeid kan vidareførast.

Kommunane er viktige trafikksikkerheitsaktørar, men trafikksikringsarbeidet er ulikt prioritert kringom i kommunane. Personressursar sett av til dette arbeidet er ofte avgrensa, og det er behov for å kunne tilby faglege nettverk. Her vil fylkeskommunen kunne bidra til kompetanseheving og fagleg støtte gjennom konferansar, fagdagar, nettverkssamlingar og liknande. FTU Hordaland har sidan 2011 arrangert ein årleg trafikksikringskonferanse, som har blitt ein viktig arena for dei som jobbar med trafikksikring i kommunane og i andre etatar. I Trafikksikker kommune-arbeidet får også kommunane tilgang på eit fagnettverk, i tillegg til at arbeidet med godkjenningsordninga medfører at kommunane i større grad må jobba på tvers av den kommunale verksemda. Trafikksikker kommune er ei viktig satsing for FTU Hordaland, og partnerskapen med Trygg Trafikk er avgjerande for kunne sikra kommunane god rettleiing og oppfølging i prosessane.

Ei viktig oppgåve for FTU er å stimulera til trafikksikringsaktivitet i heile fylket, både i kommunane og i frivillig sektor. Dette gjer FTU i dag mellom anna gjennom ei tilskotsordning. Dagens ordning bidrar til eit relativt høgt aktivitetsnivå, og gir det viktige haldningsskapande og trafikantretta arbeidet mange fleire hovud og hender enn kva fylkeskommunen aleine kan avsjå. Dette arbeidet er uvurderleg, og bør ha høg prioritet i Vestland fylke.

## Trong for å oppretthalda krafta i arbeidet

Norsk trafikksikringsarbeid er så langt ei suksesshistorie. Dei siste åra har Noreg hatt dei lågaste dødsratane for vegtrafikkulykker i Europa, truleg også i verda. Likevel gir det ingen grunn til å kvila på laurbæra. Ein ser i fleire andre land (også i våre nærområde) at utviklinga har stagnert, eller går i feil

---

<sup>1</sup> Hordaland fylkeskommune har vedtak på å verta Trafikksikker fylkeskommune, men det har ikkje vore vurdert som aktuelt å gå i gang med eit slikt organisasjonsprosjekt no.

retning. Å oppretthalde krafta i trafikksikringsarbeidet og ikkje ta seg råd til å kvila er kanskje nettopp ein av suksessfaktorane.

Heilt sentralt er også den norske samarbeidsmodellen, der ein jobbar kunnskapsbasert og breitt, og etter same mål nasjonalt, regionalt og lokalt. Som nyleg avdøde vegdirektør Terje Moe Gustavsen påpeikte under den nasjonale trafikksikkerheitskonferansen 2019, vil det krevja stadig større innsats av oss for å lykkast med å redusera talet på drepne og hardt skadde, jo lågare desse tala vert. Dette av di me har henta ut stadig større delar av potensialet for ulykkes- og skadereduksjon.

## Vidare satsing

Det er framleis potensiale å henta ut på fylkesveg og kommunal veg, og i det systematiske trafikksikringsarbeidet regionalt og lokalt. Sjansen for å verta hardt skada eller drepent i trafikken er langt større på ein fylkesveg enn ein riksveg. Tiltak for å redusera og forhindra påkøyrslar og møte- og utforkøyringsulykker vil framleis vera viktige. Det same gjeld tiltak mot uønskt åtfærd i trafikken, og opplæring av framtidens trafikantar. I det systematiske trafikksikringsarbeidet bør Trafikksikker kommune vera ei satsing også i framtida. Her har fylka forplikta seg gjennom tiltak i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring. Etter kvart som nye kommunar kjem inn i dette arbeidet, vil behovet for midlar til satsinga auka. FTU Hordaland meiner dette vil vera ei god investering i trafikksikring.

Nye utfordringar dukkar også opp. Arbeidet med målet om at all vekst i persontransport i dei største byområda skal takast av kollektiv, sykkel og gange, vil gi oss fleire mjuke trafikantar i bytrafikken. Det er venta at dette vil medføra fleire alvorlege ulykker om ikkje ein satsar tyngre på trafikksikring enn i dag. For sykkel og gange er det også store mørketal på eineulykker, som i dag sjeldan vert registrert inn i statistikken over vegtrafikkulykker. Undersøkingar tyder på at mangelfull drift og vedlikehald har skylda for ein stor del av mørketalsulykkene.

Ei styrke ved trafikksikringsarbeidet i Noreg er at det er sterkt forankra i kunnskap om trafikksikring på system- og tiltaksnivå. Slik må også arbeidet halda fram med å vera. Fortsett framgang i arbeidet krev også at me skapar ny kunnskap og utviklar og testar nye reiskap og tiltak på område der me har utfordringar med å få ned ulykkestala. FTU Hordaland meiner at Vestland fylke må ta del i denne kunnskapsproduksjonen.

FTU Hordaland meiner alt dette talar for at FTU og trafikksikringsarbeidet i fylket bør styrkast ytterlegare i åra framover. Dette bør speglast i løyvingane til dette, bokstavleg talt, livsviktige arbeidet. Fylkeskommunane vert endå viktigare trafikksikringsaktørar frå januar 2020 av, når me overtar forvaltinga av eige vegnett frå Statens vegvesen. Me vil trenga aktive fylkeskommunar for å lykkast med å nå både fylkesvise og nasjonale mål for trafikksikkerheit. FTU Hordaland ønskjer såleis at Vestland fylke set seg høge ambisjonar for godt trafikksikringsarbeid, og tydelege prioriteringar for fylkestrafikksikringsutvalet.

*På vegner av fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland*

**Jon Askeland**

Utvalsleiar



## Austevoll kommune

Ungdommens fylkesting (UFT) i Hordaland

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
07.11.2019	Lillian Kristin Bolstad	19/1010 - 13	

### Melding om vedtak Trafikktryggleik i Austevoll kommune

Ungdomsrådet handsama ovannemnde sak i møte den 02.09.2019, sak 010/19.  
Det vart gjort følgjande vedtak:

*Fråsegn frå Austevoll ungdomsråd*

#### **Krav om trygge vegar i Austevoll kommune**

*Austevoll ungdomsråd vedtek følgjande uttale:*

*Det fylkeskommunale vegnettet i Austevoll kommune har i hovudsak svært låg standard, få strekningar med gang- og sykkelveg og mange trafikkfarlege punkt og strekningar.*

*Austevoll ungdomsråd vil oppmode fylkeskommunen om å gjennomføre utbetringar av dei mest trafikkfarlege strekningane og plassane i Austevoll, med særleg vekt på å gjere det tryggare å ferdast for mjuke trafikkantar.*

*Ungdomsrådet meiner det må etablerast fortau eller gang- og sykkelvegar langs fylkesveg der det er bebyggelse og der mjuke trafikkantar må ferdast langs vegen. Plassar med dårleg sikt og flaskehalsar må utbetrast. Det må også fleire stadar etablerast skikkelege busshaldeplassar, med venteområde og venteskur, og trygg kryssing av fylkesveg.*

Spørsmål til saka kan rettast til Lillian Kristin Bolstad tlf. 55 08 10 00 eller til postmottak@austevoll.kommune.no.

Med helsing

Ordførar

**Mottakarar av brevet:**

Hordaland fylkasting


Ungdommens fylkesting (UFT)

i Hordaland

## Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje og fjerde ledd)

<b>Mottakar</b> <b>Austevoll kommune</b> <b>5392 Storebø</b> <b>Epost: postmottak@ austevoll.kommune.no</b>	<b>Dato</b>	<b>Klageinstans</b>
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ynskjer å klaga over vedtak De har fått melding om.		
<b>Kven kan De senda klagen til</b>	Klaga skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd. Dersom vedtaket er gjort av kommunale eller fylkeskommunale organ, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller det organet desse har gjeve det til. Dersom vedtaket er gjort av kommunestyret eller fylkestinget, er klageinstansen kommunaldepartementet eller det organ det har gjeve myndet til.	
<b>Fristen til å klage</b>	<b>Klagefristen er 3 veker frå den dag dette brevet kom fram.</b> Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vera uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi om at De oppgjev når denne meldinga kom fram. Dersom klagen vert sendt for seint, er det høve til å sjå bort frå den. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkja om å få forlenga klagefristen. De bør då i tilfelle nemna grunnen til forseinkinga.	
<b>Rett til å krevja grunngeving</b>	Dersom De ikkje alt har fått grunngeving for vedtaket, kan De setja fram krav om å få det. Slik krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbrotten, og ny frist tek til å gå frå det tidspunkt De mottok grunngevinga.	
<b>Innhald i klagen</b>	Klagen skal nemna det vedtaket det vert klaga på, og den eller dei endringar som De ynskjer. De bør også nemna Dykkar grunn for å klaga og eventuelle andre opplysningar som kan ha noko å sei for vurderinga av klagen. Klagen må underteiknast.	
<b>Utsetjing av vedtaket</b>	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De har likevel høve til å søkja om å få utsett iverksetjinga av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen er avgjort.	
<b>Rett til å sjå dokument i saka og til å krevja rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå dokumenta i saka. De må i tilfelle venda Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærare rettleiing om høvet til å klaga, om framgangsmåten ved klage og om reglane for sakshandsaminga elles.	
<b>Kostnader ved klagesaka</b>	De kan søkja om dekking av utgifter til naudsynt advokatbistand etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld imidlertid normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen sitt kontor eller vedkomande advokat kan gje nærare rettleiing. Det er også særskilt høve til å krevja dekking av vesentlege kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokatbistand. Dersom vedtaket er blitt endra til beste for ein part, er det også høve til å søkja dekking for vesentleg kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om naudsynt orientera Dykk om retten til å krevja slik dekking for sakskostnadene.	
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Det er også mogleg å klaga til Stortinget sin ombodsmann for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen har ikkje høve til å handsama saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De no får Dykkar klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De difor ikkje seinare bringa saken inn for Sivilombodsmannen.	
<b>Særlege opplysningar:</b>		



## **Politiske saker**

### **PS 1/19 Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU Vestland) 2020**

Saksnr: 2019/101-1  
Saksbehandlar: Even Vaular

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet	1/19	28.11.2019

**Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU Vestland) 2020****Forslag til vedtak**

Trafikktryggingsutvalet vedtar framlegg til møteplan for 2020, som vist i tabell under.

Møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU) i Vestland 2020
Måndag 27. januar
Torsdag 19. mars
Onsdag 27. mai
Måndag 21. september
Måndag 16. november

**Samandrag**

I tråd med politisk sak 13/2019 til Vestland fylkesting skal trafikktryggingsutvalet vedta sin eigen møteplan for 2020. Det vert i denne saka fremja eit forslag til møteplan med fem møte som i hovudsak vert lagt til veker mellom hovudutvalsmøta. Det vert lagt opp til ei fordeling av møtestadar, med gjennomføring av møte i Bergen og på Leikanger/i Førde. Framlegg til møteplan er koordinert andre politiske møte, politikardagane, ferier og fridagar, sentrale hendingar og arrangement og kalender for tilskotsordningane. Talet og fordelinga av møte er vurdert ut frå oppgåvene som er lagt til utvalet, og forventa aktivitet i utvalet.

Dina Lefdal  
påtroppande fylkesdirektør for  
Avdeling for infrastruktur og veg

John Martin Jacobsen  
påtroppande seksjonsleiar for  
Forvalting, utgreiing og geodata

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Møteplan 2020 for Vestland fylkeskommune - vedtatt i fylkestinget 15. oktober 2019





## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Møteplan for dei store og overordna utvala vart vedtatt i første fylkesting i Vestland, 15.-16. oktober 2019 (politisk sak 13/2019)<sup>1</sup>. I saka står det at møteplan for «kontrollutvalet, andre folkevalde organ og medverknadsorgana blir vedteke av organa sjølv hausten 2019». Dette gjeld mellom anna trafikktryggingsutvalet (FTU). Saka refererer også til ny kommunelov § 11-2, der det står at det skal verta halde møte i folkevalde organ dersom eitt av tre vilkår er oppfylt:

- a) Organet sjølv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det.
- b) Organet sin leiar meiner det er naudsynt.
- c) Minst 1/3 av medlemmane krev det.

Møteplanen skal ta omsyn til intensjonsplanen for fylkessamanslåinga og reiseveg for politikarar, administrasjon og rådgjevande medlemmar. Førstnemnte inneber at det skal verta halde møte i både dagens Hordaland og Sogn og Fjordane.

I sak om møteplan for Vestland vår 2020, handsama i fellesnemnda 18/9, gir prosjektleiar råd om val av møtestad for utvalsmøta:

«Prosjektleiar legg til grunn at administrasjonsutvalet skal ha 4 årlege møter. Eit av dei bør vere i enten Leikanger eller Førde. Det bør vere eit fjernmøte/videomøte samt at to av møte er i administrasjonssenteret – Bergen.

Det som er nemnd ovanfor om administrasjonsutvalet vil slik prosjektleiar vurdere det, vere eit formålstenleg prinsipp om balanse mellom møte utanfor administrasjonssenteret og balanse mellom fjernmøte/videomøte og fysiske møte også for fylkestrafikktryggingsutvalet og medverknadsorgana.»

I den grad FTU-møta vert lagt rett før eller etter andre utvalsmøte som politiske medlemmar i FTU skal delta på, vil FTU-møta bli lagt til same møtestad (Bergen eller Leikanger/Førde). Utvalets medlemmar (både politiske og rådgjevande) vil få melding så snart møtestadar er fastsett

### Vedtakskompetanse

Trafikktryggingsutvalet (FTU) gjer vedtak av eigen møteplan, i samsvar med politisk sak 13/2019 i Vestland fylkesting. FTU er ikkje blant utvala som fylkestinget skal gjera vedtak om møteplan for (etter gjeldande reglement for folkevalde organ). Påtroppande fylkesdirektør tolkar det då slik at det etter ny kommunelov §11-2 ligg til organet sjølv å fastsetja møteplan.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

I møteplan for dei store og overordna politiske utvala har det vore intensjonen å halda møtedagane samla, slik at det vert mindre reising for folkevalde med lang reiseveg. Det har vore diskutert om også FTU-møta bør bli lagt rett før møta i hovudutvala. Dette vil i somme tilfelle gi veker med politikardagar og utvalsmøte

---

<sup>1</sup> Vedtaket i fylkestinget gjeld Vestland fylkesting, fylkesutvalet, valnemnda, finansutvalet, planutvalet og dei fire hovudutvala.

fire dagar på rad for einskilde medlemmar i FTU. Det kan vera utfordrande å få til for utvalsmedlemmane, som også skal skjøtta andre ansvar og oppgåver i kvardagen. Fylkesdirektøren har difor, i samråd med leiar av FTU, landa på å fremja eit forslag til møteplan der FTU-møta i hovudsak vert lagt til vekene mellom hovudutvalsmøta.

Framlegg til møteplan for trafikktryggingsutvalet (FTU) i 2020 er koordinert med:

- Andre politiske møte (sjå vedlagt møteplan)
- Politikardagane
- Ferier i skulen i dagens to fylke
- Offentlege fridagar
- Ulike større hendingar/arrangement
- Kalender for utvalet sine tilskotsordningar

Behovet for møte er vurdert ut frå følgjande:

- Reglementet for utvalet slår fast at FTU skal ha minst fire årlege møte, og elles ved behov.
- FTU skal ha sitt eige budsjett, og skal sjølv vedta ei fordeling av den budsjetttramma som fylkestinget fastset i budsjettsaka i desember.
- FTU skal tildela midlar frå tre tilskotsordningar:
  - o Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
  - o Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar
  - o Tilskot til utarbeiding av kommunal trafikktryggingsplanar
- Eit aktivt trafikktryggingsutval vil ha behov for jamlege møte gjennom året.

Møteplan for FTU 2020 (framlegg)
Måndag 27. januar
Torsdag 19. mars
Onsdag 27. mai
Måndag 21. september
Måndag 16. november

### Kort om forslaget

Det er foreslått fem møte i FTU i 2020. I første møte i 2020 skal FTU fastsetja sitt eige budsjett. I andre møte er det tenkt at utvalet skal vedta tildeling av tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak og tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar. I tredje møte vert det etter planen tildeling av tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar. I fjerde møte er det tid for den andre tildelinga frå tilskotsordninga for trafikktryggleiksaktivitetar. I tillegg vil det vera ei rekke andre saker gjennom året som utvalet må ta stilling til. Det kan nemnast at utvalet etter reglementet mellom anna skal «ta dei initiativ utvalet finn naudsynt, og samordne offentleg og frivillig trafikktryggingsarbeid i fylket», få utarbeidd årsplan og handlingsprogram for trafikktrygging og «følgje opp hendingar og utvikling i trafikktryggingsarbeidet i Vestland».

### Konklusjon

Framlegg til møteplan er koordinert med andre politiske møte, politikardagane, ferier og fridagar, sentrale hendingar og arrangement og kalender for tilskotsordningane. Talet og fordelinga av møte er vurdert ut frå oppgåvene som er lagt til utvalet, og forventet aktivitet i utvalet. Det er gjort vurderingar av kor vidt møtedatoane bør vera tett på møta i hovudutvala eller ikkje. I forslag til møteplan vert FTU-møta i hovudsak lagt til vekene mellom hovudutvalsmøta.

# Møteplan Vestland fylkeskommune 2020

Vedteken av fylkestinget 15.10.2019

## Vår 2020

UTVAL	JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI
Fylkesting			3./4.			9./10.
Valnemnda			3.			9.
Fylkesutval	30.	13.	26.	30.	28.	18.
Finansutval			26.		28.	18.
Planutval		13.				
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	15.	12.	11.	15.	13.	3.
Hovudutval for opplæring og kompetanse	14.	12.	10.	14.	12.	2.
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	16.	12.	12.	16.	14.	4.
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	21.	12.	17.	21.	19.	4.
Administrasjonsutvalet	22.			22.		
*Politikardag – folkevaldopplæring		11.				

## Haust 2020

UTVAL	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
Fylkesting		29./30.			15./16.
Valnemnda		29.			15.
Fylkesutval		17.	29.	26.	10.
Finansutval		17.		26.	
Planutval					
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.	14.	4. og 25.	
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16.	13.	3. og 25.	
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		16.	15.	5. og 25.	
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.	15.	4. og 25.	
Administrasjonsutvalet		9.		18.	
*Politikardag – folkevaldopplæring		15.		24.	